ALVER
KOMMUNE

Harris Advokatfirma AS
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Kjartan Medaas | 30.11.2021 |
| Vår: 21/9596 - 21/81145 | kjartan.medaas@alver.kommune.no | |

# Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 428/123 Kvalheim nedre

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Oppretting av ny grunneigedom |
| Byggjestad: | Gbnr 428/123 |
| Tiltakshavar: | Kobbevågen vel v/ Øyvind Ask |
| Ansvarleg søkjar: | Harris advokatfirma as v/ Marianne Aadland Sandvik |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.11.2021.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gbnr 428/100, Vestland fylkeskommune, er ikkje nabovarsla.
2. Øyvind Ask som har signert søknaden har ikkje signaturrett aleine for Kobbevågen vel.
3. Det er i søknaden kryssa av i punkt 10 for at det er lagt ved avtalar, dokumentasjon, private servituttar. Me kan ikkje sjå at dette er lagt ved.
4. Det må opplysast om kva som er formålet med søknaden i og med at det vert søkt om frådeling av areal som er regulert til offentleg friområde.
5. Det må gjerast greie for avkøyring og eventuell parkering for omsøkt parsell, jf. Pbl. §27-4. Avkjørsla frå offentlig veg må være godkjent av aktuell vegmynde.
6. Det må søkjast om dispensasjon frå byggje- og delegrense mot sjø.
7. Største delen av arealet som er søkt frådelt er ikkje regulert til friområde i reguleringsplan for Kvalheim nedre, planid. 12602006000100, slik det framgår av søknaden. Over halvparten av arealet er regulert til veg, gang- og sykkelveg og anna vegareal. Sjå georeferert situasjonskart saman med formålsgrenser reguleringsplan under. Det må anten søkjast om dispensasjon frå arealformål i reguleringsplanen eller søknaden må endrast til å følgja oppgjeve formål.



Dersom søkjar vel å trekkja søknaden vert det fakturert eit gebyr på kr.2500,- jf. Gjeldande gebyrregulativ for Alver kommune.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.01.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Kjartan Medaas<br>avdelingsingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kobbevågen Vel | c/o Øyvind Ask<br>Marøyvegen 59 | 5937 | BØVÅGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Harris Advokatfirma AS | Postboks 4115 Sandviken | 5835 | BERGEN |